



KOMMUNEPLAN FOR GOL SAMFUNNSDELEN

2018-2030

Vedtøken av Gol kommunestyre sak K24/2018 den 12.06.18



Innhold

1. Visjon mot 2030	3
2. Tankar om Gol i 2030	3
3. Vegen fram til samfunnsdel	4
3.1 Planstrategi.....	4
3.2 Planprogram	4
3.2 Arbeidsprosess	4
4. Verdigrunnlag og kulturarv	5
4.1 Verdigrunnlag	5
4.2 Kulturarv.....	5
5. Planprosess- frå visjon til handling	6
5.1 Plansystem.....	6
6. Kommuneøkonomi	7
7. Demografi.....	7
8. Hovudutfordringar	8
8.1 Folketalsutvikling.....	8
8.2 Folkehelse.....	9
8.3 Miljø, klima og samfunnstryggleik.....	9
8.4 Tettstadsutvikling og samferdsel.....	10
9. Mål, strategi og handling- begrepsforståing.....	11
9.1 Mål.....	11
9.2 Strategi	11
9.3 Handling.....	11
10. Satsingsområde 2030.....	11
10.1 Gol sin plassering regionalt og nasjonalt.....	12
10.2 Næring og arbeidsplassar	13
10.3 Det gode liv i Gol	14
11. Gol kommune som organisasjon	15

Forord



Golreppen, sett frå Åsgardane (J.M.F)

«Me sjåast på Gol» er overskrifta på den nye samfunnsdelen vår. Skrive på ekta goling, akkurat slik uttrykket blir brukt og har vore brukt i lange tider. Med dette uttrykket hentar me fram vår identitet, vår tradisjon og vår historisk betydning som kommunen vår har hatt og som Gol framleis skal ha, men no supplert med tre viktige satsingar. I kommunevåpenet vårt har me nettopp tre stavkyrkjenyklar. Desse tre nyklane representerer no dei tre satsingane i samfunnsdelen av kommuneplanen; det gode liv, møteplassen mellom aust-vest og utgangspunkt for næring og utvikling. Satsingane oppsummerar vår samfunnsdel og underbygger visjonen for Gol fram til 2030, «Me sjåast på Gol».

Samfunnsdelen av kommuneplanen er kommunen si rettesnor for langsiktig og heilskapleg planlegging. Det betyr at denne planen er styrande for arealdelane, både Gol tettstad og sjølve kommuneplanen, samt anna kommunal planlegging og saksbehandling.

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen for Gol 2018 – 2030, starta opp hausten 2017. Som eit startskot på arbeidet tok eg initiativ til ein politisk arbeidsdag der alle politikarane i Gol kommune vart inviterte til eitt innspelsmøte. Her fekk administrasjonen med seg mange politiske innspel på kva retning framtida til Gol skal ta. Innspela frå politikarane vart så knadd av alle faggrupper i administrasjonen som seinare kom med eit utkast me sendte ut på høyring. I høyringsperioda var kommunen ute hjå relevante grupper for å hente innspel til samfunnsdelen.




Alle innspel er vurdert og nokon er teke med der det har passa. Andre innspel har vore tiltak, og kjem difor ikkje direkte til syne i ein slik overordna plan. Dei høyrer meir heime innanfor temaplanar med meir konkrete handlingstiltak for dei ulike sektorane. Innspela vart politisk behandla og samfunnsdelen vart vedteken 12.06.18 i kommunestyremøtet.

Eg vil få takka alle politikarane i Gol kommune for deira bidrag både under og etter den politiske arbeidsdagen med samfunnsdelen. Eg vil og få takka administrasjonen for sitt arbeid med å skaffe til vege oversikt over fakta, utfordringar og moglegheiter for Gol, og eg vil sjølv sagt få takke alle dei som har bidratt med innspel i møter eller med skriftlege innspel for sitt engasjement og initiativ. Samfunnsdelen som no er vedtatt vil vera ei tydeleg rettesnor for vidare arbeid for å gjera Gol til ei attraktiv kommune å bu i, reise til eller å møtast i.

Heidi Granli, ordførar

1. Visjon mot 2030

«Me sjåast på Gol».

-  **det gode liv**
-  **møteplassen aust-vest**
-  **utgangspunkt for næring- og utvikling**

2. Tankar om Gol i 2030

Gol er vekstsenteret og knutepunktet i den nye storkommunen i regionen. Folketalet i Hallingdal har vakse og Gol er motoren i etablering av nye arbeidsplassar.

Gol er det sentrale knutepunktet mellom aust- og vestlandet. Det er her folk møtast. Bygginga av ny rv52 er i gang og kollektivtransporten har fått eit stort løft med ny Ringeriksbane og ny flott knutepunktstasjon på Gol.

Besøksnæringane er i stor vekst og handelssenteret Gol har vist veg i nye digitale handletrendar. Gol sentrum med miljøgate, nisjebutikkar og aktivitetar er ein handelsmagnet. Turistnæringa blomstrar og hyttebygginga er konsentrert og knytta til aktivitetar både vinter og sommer.

Kommunale tenester er av god kvalitet og tilpassa brukarane i alle livsfasar.

Gol er inkluderande og familievenleg. Folk flyttar til den nye kommunen. Unge trivst med fritidsinteresser og Gol som by. Befolkninga er aktiv og mange finn frivillig arbeid som viktig del av kvardagen.

Gol er ein god stad å bu for alle.



Gol skule (IGO)

3. Veggen fram til samfunnsdel

Kommuneplanen med samfunnsdelen for Gol kommune er forankra i plan- og bygningslova § 11-1. Samfunnsdelen 2018–2030 erstattar planen frå 2009.



Golsfjellet (F: ukjent)

3.1 Planstrategi

Planstrategi for Gol kommune 2016-19 vart vedteken av kommunestyret i sak 108/16. Her vart det bestemt at kommuneplanens arealdel og samfunnsdel skulle reviderast i planperioden.

3.2 Planprogram

Formannskapet vedtok i september 2016 å legge forslag til planprogram ut på høyring. Planprogrammet var stadfesta av kommunestyret i juni 2017.

3.2 Arbeidsprosess

Høsten 2017 og vinteren 17/18 er det halde politiske og administrative arbeidsøker for å arbeide med visjon, utfordringar, mål og strategiar. Planutvalet og administrativt planforum har vore informert undervegs i heile prosessen. Planen vart førstegongsbehandla i planutvalet i mars 2018 og lagt ut på offentlig høyring.



Politisk arbeidsdag september 2017



Administrativ arbeidsdag desember 2017

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart politisk behandla i kommunestyret 12. juni 2018.

4. Verdigrunnlag og kulturarv

4.1 Verdigrunnlag

Gol som lokalsamfunn blir i stor grad styrt av Gol kommune som samfunnsutviklar, tilretteleggjar og tenesteytar. Kommunen er ein politisk styrt organisasjon, og det gir både fordelar og ulemper. Ulempene er fyrst og fremst at politiske prosessar tek tid. Fordelen er at det i dei store og viktige sakene er god forankring hjå dei som representerer innbyggjarane; det vil seie kommunestyret.

Eit heilt avgjerande prinsipp i lokal-demokratiet er ytringsfridom og opne prosessar. Det skal vera opne politiske prosessar og det skal vera opne prosessar i det som har med tilsette sin medverknad å gjera. Tenesteområda skal ha brukarmedverknad og openheit som ei viktig rettesnor. Der kommunen er tilretteleggjar og samfunnsutviklar, skal det leggjast vekt på innbyggjar-medverknad og openheit i prosessane. Det skal vera ytringsfridom for innbyggjarane og for dei tilsette. Eigne retningslinjer regulerer og til ein viss grad avgrensar tilsette sin ytringsfridom.

Dei politiske partia er sårbare, og mykje av aktiviteten kviler på få personar. Politiske parti må ha tilfredstillande økonomisk støtte, slik at lokalpartia kan bruke mest mogeleg av tida si på politisk arbeid. Kommunen skal leggje til rette for at politiske grupperingar kan ha gode arbeidstilhøve.

Ulike interessegrupper, og til ein viss grad nabokommunar, fylke og stat er med på å legge føringar for lokaldemokratiske avgjerder.

Friviljuge lag og organisasjonar er også viktige medspelarar i eit lokalsamfunn. Kommunen skal leggje til rette for at friviljuge lag og organisasjonar i størst mogeleg grad skal kunne arbeide med samfunnsoppdraget sitt til beste for innbyggjarane i kommunen.

Det å ha eit meningsfullt arbeid, å oppleve seg inkludert i fritidsaktivitetar og sosiale fellesskap, fremjar trivsel og aukar sjølvkjensla. Det er ei viktig samfunnsoppgåve for lokalsamfunnet å skape og støtte arenaer som fremjar inkludering.

Samarbeid, men samstundes individuelt ansvar, er for Gol kommune ein viktig strategi. Samfunnet har behov for alle.

4.2 Kulturarv

Samfunnet endrar seg over tid. Det same gjeld språk, skikkar, sosiale tilhøve. Desse tema er handsama nærare i Boka om Gol, Historia om Hallingdal og boka Hallingmålet.



Golsfjellet (JMF)

5. Planprosess- frå visjon til handling


I Gol kommunesinsamfunnsdel kjem det fram kva som er måla for framtidig utvikling og korleis vi vil at samfunnet vårt skal vere i 2030. På eit overordna nivå er det gjort klart kva strategiar Gol kommune vil nytte i arbeidet med å påverke utviklinga i ynskt retning. Strategiane har innverknad på korleis ressursbruken vil bli prioritert for å nærme oss måla. Skilnaden på «visjon» og «mål» er at målet i stor grad må kunne definerast konkret, vere målbart, oppnåeleg, realistisk og tidsbestemt.

5.1 Plansystem

Samfunnsdelen er overordna og legg føringar for utarbeiding av kommunedelplanar og ulike temaplanar i kommunen. Det må handlingar til for å få den utviklinga vi vil ha, difor vert samfunnsdelen følgt opp gjennom handlingsdelen.

Handlingsdelen er kopla saman med økonomiplanen for å sikre at det vert gjennomført ei prioritering, og at det vert sett av ressursar til gjennomføring. Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar med tanke på arealdisponering i kommuneplanens sin arealdel. Arealdelen har same tidsperspektiv som samfunnsdelen, men er i tillegg juridisk bindande.


Kvart fjerde år i samband med planstrategien skal det vurderast om kommuneplanensinsamfunnsdel skal reviderast og kor omfattande denne revisjonen eventuelt skal vere. Vedteken samfunnsdel skal følgjast opp gjennom handlingsdelen. Handlingsdelen skal rullerast kvart år i samband med økonomiplanen. Gjennom handlingsdelen vert det bestemt konkrete tiltak for å nå måla i samfunnsdelen. Handlingsdelen er oftast knytta til tiltak i kommunedelplanar/temaplanar og politiske føringar.




Figur 1. Skjematisk framstilling av planprosessar

6. Kommuneøkonomi

Med høg lånegjeld og finanskostnader er handlingsrommet begrensa. Rentenivået er den usikre faktoren, 1 % rente tilsvarer om lag 4,2 mill. kroner i auka kostnader med utgangspunkt i 2017.



Figur 2




Figur 3


Kommunens disposisjonsfond per 2017 er på om lag 75 mill.kr. og gjev kommunen trass høg lånegjeld ein finansiell tryggleik. Gol sitt disposisjonsfond i 2017 tilsvarer 16.000 kr per innbyggjar, snittet i norske kommunar er kr 7.000.

7. Demografi

Demografi er statistisk framskriving av befolkningsutviklinga, basert på tal frå SSB.



Figur 4




Figur 5

Aldersfordelinga i figur 5 viser at aldersgruppene 0-6 og 6-15 vil ha ein liten nedgang, medan aldersgruppa over 80 år vil bli markant større.



Tisleifjorden (SF)



Figur 6

Årsaka til at kostnaden for eldre over 80 i 2033 er lågare enn 2028 er at det er eit fall i aldersgruppa over 90 år i denne perioden og dette gjev stor innverknad på kostnadsberekningane.



Glitre friluftsområde ved Mobrua (JMF)

8. Hovudutfordringar

Val av mål, strategier og beslutningar bør baserast på kunnskap. Kunnskap om befolkningsvekst, klima og miljø og folkehelse er viktige faktorar som legg føringar for korleis kommunen skal drive forvaltning, tjenesteyting og samfunnsutvikling. Gol har valgt å peike ut 4 hovudutfordringar som vil ha betydning for mål og strategiar som kommunen vel fram mot 2030.



Hemsil (JMF)

8.1 Folketalsutvikling

Prognosane tilseier at Gol vil ha ei svak folketalsauke på 2,2% frå 2017 til 2032, tilsvarende ein årlig veskt på 0,15%. Ved lav netto innvandring vil Gol ha om lag like mange innbyggjarar i 2032 som i dag. Dersom det ikkje blir netto innvandring vil folketalet gå ned. Vi blir altså færre unge og fleire eldre. Vi blir færre til å skape verdiskaping og vekst og fleire som har behov for tenester i høg alder.


Gol har stor netto innpendling med mange arbeidsplassar. Utfordringa er å få fleire til å bu og ha sitt arbeid i kommunen. Dette er av dei viktigaste bidraga til ei positiv folketalsutvikling og vekst i kommunen.

8.2 Folkehelse

Folkehelse er eit vidt tema som fortel om helsetilstanden, både fysisk og psykisk, og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. Folkehelseinstituttets folkehelseprofil for Gol syner at helsetilstanden i kommunen vår er relativt god. Det er få skadar og ulykker, og den forventa levealdren er høg. Med unntak av diabetes 2, er det mindre bruk av livsstilsrelaterte medisinar enn elles i landet. Gol vil i framtida få fleire eldre, dette vil by på utfordringar i behova for helse- og omsorgstenestar. Talet på demente ser også ut til å være aukande. Samhandlingsreforma har ført til at kommunane får ansvar for fleire oppgåver spesialisthelsetenesta har tatt seg av tidlegare, og ein får ansvar for stadig meir komplekse sjukdomsforløp.

I Gol er andelen med høgare utdanning låg, hushald med låg inntekt er høg og det er mange unge uføre i gruppa 18-44 år. Nasjonalt er dei sosiale skilnadane i helse aukande, og det er ei auke i personar med psykiske vanskar.

Andel barn (0-17 år) som bur i husholdningar med låginntekt (under 60% av nasjonal median) er vist i figur 7.



Figur 7

Ungdata-undersøkelsen i Gol viser at dei aller fleste ungdommar trivs og fungerer bra. Det er gode teikn på forbetring, men

tala syner og at det er ein del som fell utanfor, som slit einsemd og psykisk stress og plagar. Mobbetala på Gol har gått ned, men ein ser at aktiviteten i større grad skjer på nye arenaer/sosiale media.



Sentrumsparken (JMF)


Sjølv om det fins utfordringar, er det mykje som ligg til rette for å skape gode liv på Gol. Det er eit mangfald i kultur- og idrettstilbod, og ei spennande utvikling på Hallingmo med ny skule og ny idrettsarena. Gol har eit rikt friluftsliv, ein unik natur og godt utvikla stig- og løypenett. Vi har ein godt etablert Frivillighetssentral og ein velfungerande Frisklivssentral, som bidreg til å førebygge sjukdom og styrke folkehelsa i Gol.

8.3 Miljø, klima og samfunnstryggleik

FNs klimapanel slår fast at det meste av den globale oppvarminga er menneskeskapt. Sidan før-industriell tid har verda vorte omlag 0,8 grader varmare. Oppvarminga vert venta å fortsette utover i dette århundre og fører til auka risiko for ekstremvær, meir nedbør, ras og flom. Klimaendringar har alvorlege konsekvensar og utsleppa av klimagassar må reduserast. Det krev store endringar i arealplanlegginga, transport og næringssektoren, landbruket og innan bygg og oppvarming.

Hovedkjeldene til klimagassutsleppa i Gol kjem frå vegtrafikk, dieseldrivne motorreiskap og frå jordbruk. Sidan 2009 har utsleppa auka med 6 %, men utsleppa per innbyggjar per år ligg noko under landsgjennomsnittet på om lag 10 tonn.

Klimaendringane kan også leie til endra landskap (gjengroing), endra artssamansetningar (svartelista artar), og til meir risiko for større utbrot av sjukdom og parasittangrep i miljøet pga. større overleving i milde vintrar.



Figur 8


Klimaendringane vil utfordre kommunen og regionen på mange områder. Nedbør, flom og skred vil kome oftare og i større omfang enn før. Kommunen må ta høgde for dette i all sin planlegging. Forebygging må ha stor merksemd, baserast på kartlegging og ROS-analyser. Kommunen må ha planverk for beredskap som dekkjer behova for ein effektiv og god håndtering ved større hendingar/ulykker.

Gol tettstad har relativt mykje areal i dalbotnen som blir omfatta av ulike hensynssoner. Dette gjev kommunen utfordringar og begrensningar i areal for utvikling og vekst.

8.4 Tettstadsutvikling og samferdsel

Nasjonal transportplan (NTP) legg føringar for rv7 og rv52 som prioriterte samband aust-vest. Det er forventa at det blir bevilga midlar til vegsambanda ved neste rullering av NTP. At Hallingdal vart valt til prioritert aust-vest korridor har stor betydning for utviklinga for regionen og ikkje minst for Gol. Dette vil styrke Gol som sentralt knutepunkt og møteplass mellom aust og vest. Ein ny trase for rv52 vil bli lagt utanom sentrumskjerna. Konsekvensane dette vil få for tettstaden og Gol som handelssenter må konsekvensvurderast. Funksjonen som hovudveg må også ta omsyn til lokale interesser og utviklinga av Golsamfunnet.

Arealdisponering og definisjon av Gol sentrum er ei utfordring knytta til plassering av detaljhandel. Samfunnsdelen må legge føringar for desse strategivala.



Figur 9

Bergensbana har vore livsnerva for regionen i over 100 år. Bygging av Ringeriksbane vil korte ned reisetida til Oslo vesentlig og gje Hallingdal eit stort samferdselsløft. Gol sin posisjon som samferdselsknutepunkt blir styrka og det vil legge til rette for eit godt og samla kollektivtilbod med utgangspunkt i Gol.

9. Mål, strategi og handling- begrepsforståing

9.1 Mål

Mål er det vi vil oppnå- «vi vil»

I samfunnsdelen skal måla vere heilskaplege, dei skal famne breitt og på tvers av sektorar. Måla skal vere langsiktige med eit tidsperspektiv på minst tolv år fram i tid. Dette har betydning for korleis måla er formulerte. Sjølv om det er urealistisk å tru at vi vil nå alle måla i løpet av tolv år, vil vi vite noko om kva utvikling vi strekker oss etter.

9.2 Strategi

Strategi er «slik gjer vi det»

Eit mål kan ta i bruk mange ulike strategiar. I samfunnsdelen må vi prioritere dei strategiane som vi vil nytte på vegen mot målet. Det vil seie at samtidig som vi vel å bruke nokon strategiar, vel vi vekk andre. Grunna det heilskaplege og langsiktige perspektivet, er det viktig at strategiane vert formulerte slik at vi kan tilpasse oss endringane som skjer rundt oss. Strategiane må vere "levande". Slik kan samfunnsdelen fungere som eit styringsverktøy også ved endring i omgjevnadene. I samfunnsdelen har vi fleire mål, difor er det viktig å ha i mente at ein strategi som er meint å nyttast for å nå eit mål også kan ha positive eller negative effektar for andre mål.

9.3 Handling

Handling er tiltak- «det vi gjer»

For å nå måla er vi avhengige av handlingar både frå kommunen som organisasjon og frå andre aktørar lokalt og regionalt. Samfunnsdelen vil i hovudsak bli følgt opp gjennom kommunens økonomi- og handlingsprogram (handlingsdel), kommunedelplanar og verksemdplanar.

Kommunestyret skal kvart år vurdere status på måloppnåing i årsmeldinga.


10. Satsingsområde 2030

Det er valgt 3 satsingsområde som skal vise retninga for Gol sin utvikling fram mot 2030. Det aller meste handlar om Gol sin sentrale plassering. Gol sin plassering i Sør Noreg og dei mogelegheiter dette gjev oss. For å ivareta denne posisjonen er satsingsområde om vekst i næring og arbeidsplassar ein vesenleg faktor. Alt dette legg til rette for at vi skal ha det godt i Gol, i alle livsfasar.




Figur 10

10.1 Gol sin plassering regionalt og nasjonalt



- A. Folketalsvekst siste 10 år
- B. Detaljhandel- omsetning per innbygger
- C. Andel sysselsatte i forhold til arbeidsstyrken
- D. Klimagassutslepp CO² per innbygger
- E. Bustadprisar for einebustad per m²



Figur 11

Utfordringar

- ✚ Befolkningsutvikling
- ✚ Få folk til å busetje seg i Gol
- ✚ Samordning av kollektivtilbud
- ✚ Nye riksvegløysingar gjennom Gol
- ✚ Begrensa med utbyggingsareal som følge av omsynssoner i Gol tettstad
- ✚ Ta vare på friluftsområder og kulturlandskap

Mål

1. Gol skal vere regionens vekstsenter med 5000 innbyggjarar i 2030
2. Gol skal vere det viktigaste knutepunktet mellom aust- og vestlandet
3. Gol skal redusere klimagassutsleppa med 40 % innan 2030 i høve 2009


Strategi- slik gjer vi det:

- ✓ Gol skal vere pådrivar for ny kommunereform i regionen
- ✓ Bustadbygging der det er krav om reguleringsplan skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad
- ✓ Skape eit godt og variert butilbod tilpassa aldersgrupper og livssituasjonar
- ✓ Utbygging i Gol tettstad skal knytast til god og sikker kommunal infrastruktur
- ✓ Gol sentrum skal ha bykvalitetar med møteplassar og bilfrie soner
- ✓ Gol tettstad skal ha gode og tydelige gangaksar som knyter bustadområda saman med skule, sentrum og jernbanestasjon
- ✓ Detaljhandel skal skje innanfor eit definert sentrumsområde
- ✓ Motivere til ny innovativ arkitektur og smarthusteknologi
- ✓ Bærekraftig og konsentrert hyttebygging
- ✓ Samanhengande og urørt landskap med viktig naturmangfald og friluftssinteresser skal skjermast mot utbygging
- ✓ Følgje opp Regional plan for vannregion Vestviken
- ✓ Hemsil og Hallingdalselva skal bli betre tilgjengeleg
- ✓ Legge til rette for etablering av statlige og fylkeskommunale funksjonar
- ✓ Styrke Gol stasjon som knutepunkt-stasjon med ny Ringeriksbanen
- ✓ Styrke Gol som kollektiv- og samferdsel/transportknutepunkt
- ✓ Ny rv7 og 52 og fv51 skal ivareta Gol som knutepunkt og handelstad
- ✓ Gol skal utviklast som nasjonalt knutepunkt for sykkel- og vandreruter
- ✓ Samfunnstryggleik og klimatilpassing skal definerast i ROS-analyser og ha fokus i alle planprosessar
- ✓ Tenkje miljø i alt vi gjer


Sentrale kommunale planer:

- Kommuneplan for Gol- arealdelen
- Kommunedelplan Gol tettstad
- Energi- og klimaplan og kommunedelplan VA

10.2 Næring og arbeidsplassar



- A. Privat sysselsetting som del av samla sysselsetting
- B. Andel sysselsette i forhold til arbeidsstyrken
- C. Antall bedrifter i forhold til folketal
- D. Sysselsatte med fagbrevutdanning
- E. Breibanddekning husstander



Figur 10

I Gol var det i 2016 83 kommersielle gjestedøgn per innbygger i kommunen. For Buskerud var det 9 og for landet under eit 6 gjestedøgn per innbygger.

Utfordringar

- ✚ Nok lærlingeplassar
- ✚ Investering og satsing i landbruket
- ✚ Skape kompetansearbeidsplassar
- ✚ Hallingdal som ein attraktiv bu- og arbeidsregion
- ✚ Behalde posisjonen som ein av landets største på detaljhandel

Mål

1. Det skal skapast 250 nye arbeidsplassar innan 2030
2. Det skal utviklast minst ein større attraksjon/fyrtårn i planperioden
3. Gol skal vere ein av dei største turistdestinasjonane i landet
4. Gol skal vere ein leiande arrangementsstad som skapar verdiar for lokalsamfunnet
5. Gol skal vere ein av landets 3 største i detaljhandel i omsetnad per innbygger


Strategi- slik gjer vi det:

- ✓ Gol skal vere pådrivar i regionale innovasjonsprosessar
- ✓ Styrke offentlig-privat samarbeid
- ✓ Gjere godt vertskap og miljøomsyn til eit konkurransefortrinn
- ✓ Skape kompetansekylnge og nettverk med utgangspunkt i Hallingdal næringshage og andre aktørar
- ✓ Styrke Gol som kompetanse- og kunnskapssenter på Hallingmo
- ✓ Gol skal til ein kvar tid ha ledige næringsareal av ulik karakter
- ✓ Næringsareal skal differensierast ut frå nærleik til Gol sentrum.
- ✓ Plasskrevjande handel skal leggst i randsona til Gol sentrum
- ✓ Teknisk infrastruktur skal brukast som bidrag til etablering og vekst
- ✓ Alle skal ha tilgang til breiband
- ✓ Golsfjellet og Skagahøgdi er satsingsområde for reiseliv med tett hyttebygging og tilrettelegging for fellesgoder, løypenett og andre aktivitetar
- ✓ Samarbeid kommune og næringsliv skal styrkast, fokus på vekst i besøksnæringsar
- ✓ Legge til rette for framtidretta innovativ og «grøn næring»
- ✓ Eit landbruk med allsidig produksjon og som pleier kulturlandskapet
- ✓ Utvikle næring med lokal mat, tradisjon og kultur


Sentrale kommunale planer:

- Kommuneplan for Gol
- Kommunedelplan Gol tettstad
- Næringsplan for Gol

10.3 Det gode liv i Gol



- A. Ufø-re- % av befolkninga
- B. Kriminalitet- anmeldte lovbrøt per 1000 innbyggere
- C. Barn som bur i husholdninger med låg inntekt
- D. Minoritetsspråklige barn i barnehage
- E. Befolkning med høgare utdanning



Figur 10

Utfordringar

- ✚ Mange unge uføre
- ✚ Barnefattigdom
- ✚ Resultat i nasjonale prøver for grunnskulen
- ✚ Manglande norskkunnskaper fører til utanforskap
- ✚ Aukande andel eldre og tilfeller av demens og unge med psykiske lidningar

Mål

1. Gol skal ha eit variert kultur og fritidstilbod
2. Barnehage og grunnskule skal gje kunnskap og ferdigheiter slik at unge kan fullføre vidaregåande opplæring
3. Snitt grunnskulepoeng skal ligge over 40 poeng og ikkje under landsgjennomsnittet. Del av elevar med mindre enn 30 poeng skal vere under 10%
4. Etablere 4 nye utdanningstilbod
5. Gol skal legge til rette for deltaking og mestring i ulike livsfasar

Strategi- slik gjer vi det:

- ✓ Inngå avtaler med frivilligheita for å fremje positiv utvikling og dyrke fram det gode initiativet
- ✓ Inngå samarbeid med utdanningsaktører
- ✓ Vi skal ha eit mangfald av kultur- aktivitetar og eit moderne kulturskuletilbod
- ✓ Kultur-, idretts- og fritidstilbod skal vere inkluderande og tilgjengeleg for alle
- ✓ Utvikle bibliotekenesta som ein samskapande kulturarena
- ✓ Skape gode sosiale møteplassar
- ✓ Skape haldningar som fremjar inkludering, mangfald og gjensidig respekt
- ✓ Styrke tverrfagleg samarbeid om tidleg innsats for å fremje god helse i alle livsfasar
- ✓ Innbyargarane skal motiverast til ta ansvar for eigen helse
- ✓ Gol skal bli «smartkommune» med digitale løysingar i kommunale tenester med vekt på velferdsteknologi
- ✓ Styrke forebyggjande arbeid i samarbeid mellom barnehage, skule, politiet og heimane
- ✓ Kommunen skal ha beredskapsplanar på ulike nivå i tråd med ROS-analyser


Sentrale kommunale planer:

- Helse- og omsorgsplan
- Kvalitetsplan for grunnskulen i Gol
- Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kulturplan


11. Gol kommune som organisasjon

«Samarbeid formar framtida»

Politisk og administrativ organisering



Figur 13. Organisasjonsmodell 2018



Figur 14. Organiseringsmodell 2018

Utfordringar

- Kommunestruktur og små fagmiljø
- Politisk og administrativ organisering må vere i tråd med behova i samfunnet.
- Rekruttering av personell med rett kompetanse
- Bruke digital kommunikasjon og dialog med alle innbyggjarar.

Mål

1. Gol kommune skal ta imot og behandle personar på eit ryddig og likeverdig måte
2. Politikarar og administrasjon skal samarbeide til beste for innbyggjarane
3. Gol kommune skal opplevast som ein god samarbeidspartnar
4. Gol kommune skal ha stolte medarbeidere som er motiverte og trivast på arbeid

Strategi- slik gjer vi det:

- ✓ Skape godt omdømme ved å snakke «opp» kommunen
- ✓ Det skal vere enkelt å få informasjon og rettleiing frå kommunen
- ✓ Gol kommune skal vere ein lærande organisasjon. Dei tilsette skal dele kompetanse, kunnskap og «suksess» for å ivareta god tenesteyting, forvaltning og samfunnsutvikling.
- ✓ Gol kommune skal anerkjenne dei tilsette sine styrker for å skape engasjement og måloppnåing.
- ✓ Være opne for å gjere ting på andre og nye måtar
- ✓ Rekruttere rett kompetanse
- ✓ Systematisk opplæring av medarbeidere
- ✓ Leiaropplæring med fokus på endringsleiing
- ✓ Delta i interkommunale samarbeid der det er tenleg
- ✓ Fylgje opp overordna digitaliseringsstrategiar
- ✓ Bli «smartkommune» med digitale løysingar i alle kommunale tenester